



Arkivsak 201112362-182
Arkivnr. 522
Saksh. Landro, Adeline

Saksgang	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	19.11.2013

TILBODSSTRUKTUR 2014/15 FOR FAGSKOLANE I HORDALAND – TEKNISK FAGSKULE

SAMANDRAG

Fagskolane i Hordaland, ved dei tekniske fagskulane, har ein auke i studenttal på 6 % frå skuleåret 2012/13 til 2013/14. Ramma for dei tekniske fagskulane for skuleåret 2014/15 er sett til kroner 75 220 000. Som tidlegare år er ramma knapp og det vert lagt inn eit garantital for kor mange studentar den einskile fagskule vil få tilskot for på fyrste året. Normalt vert dette justert etter studentteljinga om hausten. I tillegg til ramma på ca. 75 millionar er det lagt til 4 millionar for to kull på studiestaden Stord, ved Bergen tekniske fagskole. Tilboda på Stord er finansierte utanfor ramma til Fagskolane i Hordaland, og den totale ramma vert til saman ca. 79 millionar. Tilbodsstrukturen vil verte justert og lagt fram til styret i mai 2014 når dei endelege søkjartala ligg føre.

FORSLAG TIL VEDTAK

Hordaland fagskulestyre vedtek forslag til tilbodsstruktur for skuleåret 2014/15 for dei tekniske fagskulane.

Svein Heggheim
fylkesdirektør for opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

FYLKESRÅDMANNEN, 31.10.2013:

Fagskolane i Hordaland, ved dei tekniske fagskulane, har ein auke i studenttal på 5 % frå skuleåret 2012/13 til 2013/14. Tabellen under syner aktive studentar per 1. oktober i 2011, 2012 og 2013. Som tabellen syner var det ein stor auke frå 2011 til 2012, og dette var hovudsakeleg ein auke ved dei nettstøtta tilboda på deltid. Auken frå 2012 til 2013 er meir moderat, og med dagens finansieringsform bør ein ikkje leggje opp til ein større auke.

Tabell 1: Studenttal 1. oktober 2011, 2012 og 2013.

Fagskule	2011	2012	2013
	Haust	Haust	Haust
	Studentar	Studentar	Studentar
Austevoll maritime fagskule	50	46	37
Bergen maritime fagskole	278	282	285
Bergen tekniske fagskole	486	628	750
Fusa vidaregåande skule	0	9	0*
Hjeltnes fagskule	9	14	0*
Voss tekniske fagskule	21	41	0*
Sum	844	1020	1072

*Studentane ved Hjeltnes og Voss er rapportert under Bergen tekniske fagskole.

Ramma for dei tekniske fagskulane for skuleåret 2014/15 er sett til kroner 75 220 000. Som tidlegare år er ramma knapp, og det vert lagt inn eit garantital for kor mange studentar den einskilde fagskule vil få tilskot for på fyrste året. Normalt vert dette justert etter studentteljinga om hausten.

I tillegg til ramma på ca. 75 millionar er det lagt til 4 millionar for to kull på studiestaden Stord, ved Bergen tekniske fagskole. Tilboda på Stord er finansierte utanfor ramma til Fagskolane i Hordaland, og den totale ramma vert til saman ca. 79 millionar.

Tabell 2: Oppsummering av fordelinga ved dei tekniske fagskulane.

OPPSUMMERT	Forventa studenttal 1. år	Rekna om til heilårs-ekvivalentar 1 år	2. År heiltid	Delkurs 2.år rekna om til heilkurs	Delkurs 3.år rekna om til heilkurs	Sum Total	Budsjett
BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE	299,00	230,87	125,10	118,82	127,30	602,08	52 166 653,33
BERGEN MARITIME FAGSKOLE	142,00	167,00	171,00	0,00	0,00	338,00	27 040 000,00
Totalt Tekniske fag	441,00	397,87	296,10	118,82	127,30	940,08	79 206 653,33

Tabell 2 syner totaloversikta over fordelinga på dei tekniske fagskulane i studenttal og budsjett. Tabellen syner at det er rom for 441 nye studentar skuleåret 2014/15 innanfor ramma, og dette utgjør ca. 397 heilårsekvivalentar. Totalt med fyrste, andre og tredje studieår er det forventa om lag 940 studentar rekna til heiltidsekvivalentar for skuleåret 2014/15.

Tilbudsstrukturen vil verte justert og lagt fram for styret i mai 2014 når dei endelege søkjartala ligg føre.

Bergen tekniske fagskole

Ved Bergen tekniske fagskole er det lagt inn eit forventa fråfall på 5 % mellom trinna. Det har tidlegare år vore nytta eit forventa fråfall på 10 %, men dette har vist seg å vere for høgt. Som nemnt er det lagt til 4 millionar for tilboda på Stord i ramma, og den totale ramma for Bergen tekniske fagskole vert på om lag 52 millionar som tabell 3 under syner. Vidare syner tabell 3 at det er forventa 299 studentar ved fyrste året hausten 2014, og eit totalt studenttal på om lag 602 heiltidsekvivalentar for skuleåret 2014/15.

Tabell 3: Tilbudsstruktur for Bergen tekniske fagskole 2014/15

Stad	BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE	Vekting	Forslag student- tal 1. år	Rekna om til heilårs- ekvivalentar 1 år	Sum total alle trinn	Merknad	Budsjett
Bergen	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	0	0,00	43,70	Vert ikkje oppretta	3 496 000,00
	KEM /Tak og fasade N	0,67	25	16,75	16,75		1 340 000,00
	Bygg FTB01H	1,00	25	25,00	58,25		4 660 000,00
	Bygg FTB01N	0,67	25	16,67	61,95	14 studentar til anlegg Voss 2. år	4 956 253,33
	Automatisering FTE01H	1,00	25	25,00	44,95		3 596 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	25	16,75	57,37		4 589 760,00
	Elkraft FTE03H	1,00	25	25,00	57,00		4 560 000,00
	Elkraft FTE03N	0,67	25	16,75	66,59		5 326 960,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	25	25,00	54,45		4 356 000,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	25	16,75	34,80		2 784 000,00
	Maskinteknikk med ISO FTT04N	0,67	0	0,00	19,73	Vert ikkje oppretta	1 578 520,00
	Prosessteknikk FTK015H	1,00	0	0,00	0,00		-
	Prosessteknikk FTK016N	0,67	25	16,75	45,64		3 651 160,00
	Maskin/Elkraft på Stord	1,00	0	0,00	0,00	"Konstant"	4 000 000,00
	Drift og sikkerhet FTD02H	1,00	0	0,00	0,00		-
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	14	7,00	7,00		560 000,00
Fusa/ Austevoll	Akvakultur FPH01H	0,67	10	6,70	6,70	Ein tredjedel finansiering	536 000,00
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	0	0,00	10,45		836 000,00
Voss	Anlegg FTB02N	0,67	25	16,75	16,75	Nett andre år ligg førebels til Bergen	1 340 000,00
Total Bergen tekniske fagskole			299,00	230,87	602,08		52 166 653,33

Endringar:

Klima energi og miljø i bygg (KEM)

KEM og KEM / tak og fasade vert oppretta annakvart år. I skuleåret 2013/14 vart det oppretta eit tilbod innan KEM, og det vert difor foreslått å opprette eit tilbod innan KEM / tak og fasade i 2014/15.

Maskinteknikk med ISO

Til skuleåret 2013/14 vart det starta opp maskinteknikk med ISO, medan maskinteknikk ikkje vart oppretta. Dette er også tilbod som startar opp annakvart år. Det vert difor foreslått å starte opp tilbodet maskinteknikk, medan maskinteknikk med ISO ikkje vert oppretta skuleåret 2014/15.

Anlegg heiltid – studiestad Voss

Studiestaden Voss har tilbod innan anlegg både på heiltid og deltid. I skuleåret 2013/14 har dei totalt 32 studentar fordelt på tre trinn. For å få større og meir robuste klassar på Voss foreslår administrasjonen ved Opplæringsavdelinga å ikkje opprette anlegg på heiltid ved studiestaden Voss skuleåret 2014/15, men heller oppretta anlegg på nett frå fyrste året. Fram til no har nett-tilbodet ved Voss vore delt slik at studentane gjekk eitt og eit halvt år på Bergen tekniske og eitt og eit halvt år på Voss tekniske. Dette gjer at det er vanskeleg å marknadsføre tilbodet, då det ikkje er tydeleg for studentane kor dei skal studera. I tillegg vil studiestaden kunne få større og meir robuste klassar når det berre er eitt tilbod som går på Voss over tre år.

Akvakultur

Det var ikkje nok søkjarar til å starta opp akvakultur hausten 2013, og det har soleis ikkje starta opp eit andre kull. Det vert difor foreslått å starta opp nytt kull innan akvakultur hausten 2014, same året som fyrste kull går ut. Det er framleis ikkje rom i ramma til å garantere dekning for ein full klasse, og det bør verte arbeidd med ei deling av finansieringa med næringslivet.

Bergen maritime fagskole

Ramma for Bergen maritime fagskole er på om lag 27 millionar. Det er lagt inn eit garantital på 142 fyrsteårsstudentar for skuleåret 2014/15. Tabell 4 under syner at det er forventa totalt 338 studentar hausten 2014. Ved Bergen maritime fagskole er det ikkje foreslått endringar frå tilbodsstrukturen i 2013/14.

Tabell 4: Tilbodsstruktur for Bergen maritime fagskole 2014/15.

655	BERGEN MARITIME FAGSKOLE	Vekting	Forslag student- tal 1. år	Rekna om til heilårs- ekvivalentar 1 år	Sum total alle trinn	Merknad	Budsjett
	Maskinoffiser FTM02H	1	28	28,00	56,00		4 480 000,00
	Dekksoffiser FTM01H	1	28	28,00	56,00		4 480 000,00
	Boring FTP01H	1	58	58,00	118,00		9 440 000,00
	Havbunnsinstallasjo ner FTP04H Dekksoffiser	1	28	28,00	58,00		4 640 000,00
Austevoll	FTM01H	1	25	25,00	50,00		4 000 000,00
	Total Bergen maritime vgs		142,00	167,00	338,00		27 040 000,00

Saka om tilbodsstrukturen for 2014/15 vil gå som melding til Opplærings- og helseutvalet og Fylkesutvalet etter at styret har handsama saka i møte 19.11.2013.